



Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/679 - 22/7271

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.09.2022

Melding om delegert vedtak - tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 3/23

Vi syner til søknad motteke den 20.07.2022.

Administrativt vedtak. Saknr: 090/2022

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad gbnr 3/23. Søknad med vedlegg mottatt 20.07.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tilknytningsavgift skal vere betalt før tilkopling til kommunalt vassverk.
- Dersom det må nyttast reduksjonsventil/trykkauking grunna høgt eller lågt trykk, er det ansvarleg søkjar/rørleggjar å ta kostnaden med dette.
- Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Stendal VVS AS vert godkjent som ansvarleg søkar for tiltaket.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	sum
1.1.3	Tilknytningsavgift vatn		24625,-
		Totalsum	24625,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 20.07.2022 søkt om løyve til tilknytting kommunalt vassverk for fritidsbustad gbnr 3/23.

2. Fakta

Saka gjeld søknad om løyve til tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad gbnr 3/24. Dersom det må nyttast reduksjonsventil/trykkauking grunna høgt eller lågt trykk, er det ansvarleg søkjar/rørleggjar å ta kostnaden med dette.

Det er gjeve stadfesting av gbnr 3 bnr 4, om tilkopling på deira eigedom. Vedlegg til søknad. Viser også til vilkåra for tilknytting til kommunalt vatn, som vist i vedtaket.

3. Vurdering

Stendal VVS AS vert godkjent som ansvarleg søkar for tiltaket. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

4. Konklusjon

Søknad om løyve til tilkopling til kommunalt vassverk for fritidsbustad gbnr 3/23 vert godkjent som omsøkt.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Stendal Vvs As

Blombakken 1

5911

Alversund